



Tingvoll, 19.9.2023

Dovrefjell nasjonalparkstyre
sfinpost@statsforvalteren.no

**GRUNNBORING REINSVATN – TORBUDALEN BVO – STATKRAFT –
TREKKING AV KLAGE**

Dykkar ref. 2023/9640-5

Naturvernforbundet har mottatt synspunkta frå Statkraft Energi AS av 18.9. og klargjeringa frå verneområdestyret av same dato.

Framande artar kjenner ingen administrative grenser og er skadelege anten dei er omtala i verneføresegner eller ikkje. Vi ventar difor av ei verksemd som Statkraft Energi AS at dei har system som gjer at dei ikkje spreier framande artar til fjellområda våre.

Vi registrerer at Statkraft Energi AS seier dei vil sjå til at maskinar som skal brukast i området er reingjort, og at området skal bli kontrollert for framandartar også framover.

På dette grunnlaget trekker vi klaga av 16.9.2023.

Vi legger ved ein rapport, «Svartelisteartar og framande artar langs Aursjøvegen i Møre og Romsdal». I den rapporten er det særleg to kapittel som er av spesiell interesse når det gjeld risiko for spreining av artar i denne saka.

- Tipp ved sørenden av Aursjødammen
- Elveforbygging ved Dalavatnet

I rapporten er det også drøfta litt omkring tilkøyring av massar som frå tid til annan kan vere eit aktuelt tema.

Elles meiner vi det er viktig at ei verksemd som Statkraft Energi AS bør vere gode på dette saksfeltet. Dette bør vere ein tydeleg del av internkontrollen til verksemda. Når verksemda skal kjøpe tenester, bør det vere eit standardvilkår at maskinar blir reingjort.

Sjølv om Statkraft Energi AS seier dei har folk på slike stader stadig vekk som kan følgje med, så vil vi minne om at ein ingeniør ikkje automatisk er kvalifisert til å halde auge med framandartar, på same måten som at ein botanikar ikkje automatisk kan utføre inspeksjon av dei tekniske innretningane. Naturvernforbundet ber Statkraft Energi AS, som både stor og økonomisk godt skodd aktør om å få på

plass ordningar, slik at biologar som ein fast rutine ser over område der Statkraft Energi AS har verksemd.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær

Kopi: TormodJohan.Kristiansen@statkraft.com